

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

Roald Kvamme, A, sette fram slik protokollmerknad på vegner av A, Sp og SV:

«Det vert synt til søknad om auke på 146 elevplassar ved St. Paul vidaregåande skule. I fylkesrådmannen sitt saksframlegg vert det dokumentert at Hordaland har eit svært høgt tal på elevar ved private skular omlag 2200 elevar. Andelen er nær 20% av det totale elevtalet i Bergen og skulane er i hovudsak lokalisert i Bergen sentrum. Dei private skulane har nær 56% av elevane i studieførebuande utdanningsprogram.

Gjeldane skulebruksplan i Hordaland har mellom anna som mål å:

- Auka kvalitet og betre utnytting av knappe økonomiske ressursar
- Ein god desentralisert skulestruktur med ei akseptabel reisetid
- Auka talet på elevar som tar yrkesfag og fleire ut i lære
- Redusera overkapasiteten i studieførebuanda programfag i Bergen

Vi vil sterkt åtvare mot ei vidare utvikling der ein samlar privatskular og store elevgrupper sentralt i Bergen og gjev høve til ytterlegare auka i elevtalet utan at dette vert utgreidd på ein tilfredsstillande måte og utan omsyn til gjeldande skulebruksplan og økonomiplan. Ein ny auke i elevplassar ved ein privat skule med hovudvekt på studieførebuande program vil ikkje vera i tråd med dei overordna målsettingane for skulestruktur og studietilbod som er vedtatt i fylkestinget.

Dersom søknaden vert innvilga og plassane vert fylt opp, vil det innebera eit samla kutt i overføringane til Hordaland fylkeskommune på 149,3 millionar kr. Desse millionane kunne vore nytta til å styrkja og vidareutvikla ein god felleskule for elevane i heile fylket.

Vi oppmodar på det sterkaste utdanningsdirektoratet om å avvise søknaden frå St. Paul vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga fekk 8 røyster (H, Frp, V, MDG, KrF) mot 7 røyster (A,SP,SV) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet er positiv til søknaden om etablering av idrettsfag med 96 elevplassar, påbygg til generell studiekompetanse med 32 elevplassar og utviding med 18 elevplassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram.

Protokollmerknad frå A, Sp og SV

Det vert synt til søknad om auke på 146 elevplassar ved St. Paul vidaregåande skule. I fylkesrådmannen sitt saksframlegg vert det dokumentert at Hordaland har eit svært høgt tal på elevar ved private skular omlag 2200 elevar. Andelen er nær 20% av det totale elevtalet i Bergen og skulane er i hovudsak lokalisert i Bergen sentrum. Dei private skulane har nær 56% av elevane i studieførebuande utdanningsprogram.

Gjeldane skulebruksplan i Hordaland har mellom anna som mål å:

- Auka kvalitet og betre utnytting av knappe økonomiske ressursar
- Ein god desentralisert skulestruktur med ei akseptabel reisetid
- Auka talet på elevar som tar yrkesfag og fleire ut i lære
- Redusera overkapasiteten i studieførebuanda programfag i Bergen

Vi vil sterkt åtvare mot ei vidare utvikling der ein samlar privatskular og store elevgrupper sentralt i Bergen og gjev høve til ytterlegare auka i elevtalet utan at dette vert utgreidd på ein tilfredsstillande måte og utan omsyn til gjeldande skulebruksplan og økonomiplan. Ein ny auke i elevplassar ved ein privat skule med

hovudvekt på studieførebuande program vil ikkje vera i tråd med dei overordna målsettingane for skulestruktur og studietilbod som er vedtatt i fylkestinget.

Dersom søknaden vert innvilga og plassane vert fylt opp, vil det innebera eit samla kutt i overføringane til Hordaland fylkeskommune på 149,3 millionar kr. Desse millionane kunne vore nytta til å styrkja og vidareutvikla ein god felleskule for elevane i heile fylket.

Vi oppmodar på det sterkaste utdanningsdirektoratet om å avvise søknaden frå St. Paul vidaregåande skule.